

Song til Nordgrend

Hildur Simmenes - 1978

Tone: Å Vestland, Vestland....

Du Nordgrend, bygd imellom fjell og fjord,
du er vår heim, den beste stad på jord.
Og gardane som ligg frå fjell til sjo
dei gjeve folket av si trauste ro.

Du har so høge fjell med utsyn vid,
og skogen frodig står i bratte lid.
Og her i mellom nutar, berg og skar
har sterke menner rydja seg ein gard.

I vatna auren sprett og lagar ring
og hjorten stolt omkring i skogen spring.
Frå tiurknepp til orreleik på myr,
me møter alt som i eit eventyr.

Sjå fjorden buktar seg om nes og vik
der sild og laksen gjorde bonden rik.
Og folki vyrdsla vel om heim og tun,
så difor er vår bygd så trygg og lun.

Så langt i mellom gardane det er,
og ikkje ofte me kvarandre ser.
Men midt i bygda skulehuset står
der bygdafolket gjerne møtast får.

Til song og spel, til dikt og gode ord
som gjere livet rikt på denne jord.
I festleg lag til duka bord me går
då heile bygda her kvarandre når.

I Stamnes kyrkjesokn me høyrer til,
men likevel oss sjølv me vera vil.
Og ungdomar som ut i verda for
dei tenkjer på si bygd i Osterfjord.